Møtepapir Årsmøte Utdanningsforbundet Bokn

24.april 2024 16.30

Boknahåve, Bokn Arena

- Helsing frå fylkesstyret v/Karin Elisabeth K. Wathne
- Middag
- Årsmøtesaker

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

Innstilling til vedtak: Innkallinga vert godkjent

1.2. Val av dirigentar

Innstilling til vedtak: Som dirigent vel me Merete Alvestad

1.3. Val av protokollunderskrivarar

Innstilling til vedtak: Som protokollunderskrivarar vel me Merete Alvestad og Anne Lisabeth Jøsang

1.4. Sakliste

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling
1.2. Val av dirigent
1.3. Val av protokollunderskrivarar
1.4. Godkjenning av sakliste
1.5. Godkjenning av møtereglement
1.6. Godkjenning av valreglement

Sak 2 Val

2.1. Val av leiar i lokallagsstyret
2.2. Val av hovudtillitsvald etter hovudavtalen i KS
2.3. Val av nestleiar i lokallagsstyret
2.4. Val av 2 medlem til lokallagsstyret
2.6. Val av valkomité

Sak 3 **Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret 2023**

Sak 4 **Retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode**

Sak 5 **Handsama budsjett**

Sak 6 **Innsende sakar**

Innstilling til vedtak: Saklista vert godkjend

1.5. Godkjenning av møtereglement

1. Lokallagsleiar opnar møtet og leier møtet inntil møteleiar er vald.

2. Årsmøtedeltakarar som ynskjer ordet, viser det til møteleiaren. Ynskjer ein ordet til dagsorden, saksopplysning eller replikk, visast dette særskilt. Saksinnleiarar og styremedlemmar kan få ordet utanom talelista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.

3. Forslag skal leverast skriftleg og underteiknast med namn. Alle forslag skal vere referert før strek vert sett. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at det er gjort vedtak om at strek er satt. Forslag kan då heller ikkje trekkast tilbake.

4. Alle forslag frå styret eller forslag som er sendt inn frå klubber til årsmøtet innan fristen, blir vedteke med simpelt fleirtal. Nye saker må ha kvalifisert (2/3) fleirtall. Årsmøtet må òg, med 2/3 fleirtall, vedta at saker utanom sakslista skal handsamast. Møtet avgjer voteringsmåten.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjent

1.6. Godkjenning av valreglement

1. *Leiar skal veljast for eitt år*
2. *Hovudtillitsvald skal veljast for eitt år*
3. *Nestleiar skal veljast for 2 år*
4. *Styremedlemmane skal veljast for 2 år*
5. *Varamedlemmane skal veljast for 2 år*
6. *Valnemnda skal ha 2 medlemmar og ein varamedlem, dei som går ut av styret går inn i valnemnda*

«I henhold til vedtektene § 15.2 skal lokallagsstyret (…) settes sammen med en rimelig representasjon fra de ulike medlemsgruppene og minst én lederrepresentant». (https://www.utdanningsforbundet.no/om-utdanningsforbundet/vedtekter-strategier-og-retningslinjer/retningslinjer/retningslinjer-for-arsmoter-i-lokallag--sammensetning-valg-og-valgreglement-delegatmote/)

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjent

1.7. Valg av møtefunksjonærar

Innstilling til vedtak: Som møtefunksjonærar vel me

Referent: Anne Lisabeth Jøsang

Innstilling til vedtak: Forslag til referent vert godkjend

Sak 2 Val

Valkomiteen har vore:

Margrete Dale, Bokn skule

Emilie Danielsen, Bokn skule

Valkomiteen sin innstilling til nytt lokallagsstyre, hovudtillitsvald, og varamedlemmar til lokallagsstyret. Innstilde kandidatar er markerte med gult.

Dei utan fargemarkering er altså **ikkje på val** på dette årsmøtet.

Lokallagsleiar:	Merete Alvestad, grunnskule
Nestleiar:	Anne Lisabeth Jøsang, leiar grunnskule
Hovudtillitsvald:	Merete Alvestad, grunnskule
Styremedlem:	Tone Børgesen, barnehage
Styremedlem:	Julianne Nilssen, barnehage
Styremedlem:	Gina Alvestad, barnehage

1.varamedlem: Sigrunn Hole Hosaas (pensjonistkontakt)
2.varamedlem: Valentina Everte

2.1 Val av leiar i lokallagsstyret

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

2.2 Val av tillitsvald etter hovudavtalen i KS

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

2.3 Val av nestleiar i lokallagsstyret

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

Gina Alvestad, barnehage

2.4 Fire andre medlem til lokallagsstyret:

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

Styremedlem: Julianne Nilssen, barnehage

Styremedlem: Valentina Everte grunnskule

Styremedlem: Elisabeth Taraldlien, kommune

Styremedlem: Wenche Havikbotn, leiar

2.5 Varamedlem til lokallagsstyret:

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

2.Varamedlem: Tone Børgesen, barnehage

2.6 Val av valkomité i Utdanningsforbundet Bokn for kommande årsmøteperiode

Lokallagsstyrets innstilling til vedtak:

Medlemmar: Margrete Dale, grunnskule

Medlemmar: Silje Karin Gismarvik, grunnskule

Varamedlem: Irmelin Taraldlien Våge, barnehage

Sak 3 Handsama melding og rekneskap frå lokallagsstyret

Årsmelding 2023

Utdanningsforbundet Bokn er eit lokallag under Utdanningsforbundet som er ein partipolitisk uavhengig fagforeining for pedagogisk personale innafor alle utdanningsnivå. Lokallaget har kontor i Bokn på Bokn Skule. Medlemstalet var pr. 31.12.23 34 stk. Dette er eit medlem mindre enn ved førre årsskifte. Styret har lagt til grunn forutsetninga om fortsett drift for framlegging av årsrekneskapen. UDF Bokn har etter avlegging av rekneskapen for 2023 eit overskot på kr 12 966 kr, noko som gav ein eigenkapital på kr 52 966,40.

I 2023 har styret hatt 6 styremøte der me har drøfta og handsama ein del saker som gjeld barnehage og skule, drift av organisasjonen, oppfølging av medlemmar, arrangement, nye planar, lovar og høyringar. Det har vore klubbmøter for medlemmane i barnehagen og i skulen.

Utdanningsforbundet Bokn er med i eit nettverkssamarbeid med Tysvær, Haugesund, Utsira, Sauda, Suldal, Karmøy og Vindafjord. Her deltok leiar/HTV i møter som dei ulike lagsleiingane hadde ansvar for. Bokn arrangerte nettverksmøtet i juni.

Me har invitert medlemmar til Leiarforum i Karmøy og pensjonistar til 2 pensjonisttreff i samarbeid med Tysvær. Me har arrangert eller vore medarrangør til 4 medlemsmøte i 2023. Medlemsmøta var på våren saman med Haugesund i februar om forsikring og medlemsfordelar, og saman med Nettverk Nord om leiing der me inviterte professor Irgens til å forelesa. Hausten 2023 kunne medlemmane få oppleva framsyninga«Den norske frihetsmakinen» i Tysværtunet i oktober. I november var attraksjonen på det lokale medlemsmøtet den nye ordføraren.

I 2023 har lokallagsleiar/HTV vore på kurs og samlingar i regi av Utdanningsforbundet Rogaland og Utdanningsforbundet sentralt. Det vart arrangert Fylkesårsmøte i Stavanger i mai, og der var Merete Alvestad og Julianne Nilssen delegatar.

Medlem med lengre sjukefråvær er blitt følgt opp med blomar. Me har gitt klubbane i barnehagen og på skulen ei lita oppmerksamheit i samband med Barnehagedagen, Lærarane sin dag og jul.

Utdanningsforbundet i Bokn har stått bak ein del trivselsbringande tiltak for medlemmene i løpet av året. Dette har blant anna vore frisk frukt på jobb på skulen, og ullklede for dei som jobbar i barnehagen.

Utdanningsforbundet i Bokn har ingen tilsette, men me har frikjøp for hovudtillitsvald i til saman 8,6 % som kommunen dekker og for lokallagsleiar 20% som Utdanningsforbundet sentralt dekker. Sjukefråværet for den tillitsvalde på kommunenivå har vore lågt, og det har ikkje vore skader eller ulykker knytt til drifta i 2023.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Me er eit lite lokallag med berre ein skule og ein barnehage. Me har difor kombinert lokallagsleiar og hovudtillitsvald. Utdanningsforbundet Bokn har som mål å vera ein arbeidsplass der det råder full likestilling mellom kvinner og menn, men ettersom det ikkje på valtidspunktet var fleire enn 2 organiserte menn i jobb i kommunen i perioden, var det ikkje råd å få menn med i styret.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av organisasjonen sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årets resultat er disponert som angitt i årsrekneskapen, sjø påfølgande sider

Vedtak: Årsmøtet tok lokallagsstyret si melding til orientering. Årsmøtet tok rekneskapen til orientering.

Sak 4 Retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Aktivitet	**Tid**
Pensjonistarbeid, samarbeid med Tysvær og Haugesund	Heile perioden
Samarbeid med lokallaga i nettverk nord om felles arrangement	Heile perioden
Politisk påverknadsarbeid	Heile perioden
Klubbmøte kring aktuelle emne	Minst 2 gonger i året på dei arbeidsplassane
Medlemsmøte saman med alle laga i nord-fylket	2 møter er under planlegging
Styrekurs	Hausten 2024
Diverse kurs for medlemmar	Heile perioden
Medlemsmøte felles oppleving	Hausten 24

Innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtar retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Sak 5 Handsama budsjett

	Utgifter	Inntekter
Opningsstatus 01.01.23		56 680
Overføring frå Utdanningsforbundet		72 942
Profileringprodukt (post 7321)	8 000	
Medlemsmøte	30 000	
Bevertning ved årsmøte, nettverksmøte, medlemsmøte, klubbmøter og styremøte (post 7171)	25 000	
Møtegodtgjersle styre (post 5017)	17 000	
Kurs (post 7172).	30 000	
129 622TV-aksjonen 2024 (post 7420)	1 500	
Diverse materiell / faglitteratur (post 6800 + 6841)	2 500	
Representasjon, gåver (post 7422)	8 000	
Innbetaling Utdanningsforbundet sentralt	3 714	
Inntekter:		129 622
Utgifter:	125 714	
Sluttsaldo pr. 31.12.24		3 908

Innstilling til vedtak: Årsmøtet tok budsjettet til orientering

Sak 6 Innsende sakar til lokallaget

6.1 Ferdigstilling av spesialrom på Bokn skule

Fremma av Emilie Danielsen, Merete Alvestad og Ina V. Tangen

Me som nyttar spesialromma på skulen ønsker at Utdanningsforbundet skal kjempe for at dei blir ferdigstilt. Det manglar no ein del utstyr for å drive undervisning. Sløydsalen er spesielt mangelfull og lærarar tek med eige utstyr heimefrå for å få det til å gå.

- Sagerommet trenger: hyllesystem/skap for verktøy og utstyr, arbeidsbenk i rett høgde, bandsag, mindre avsug som ikkje tek sikringa og støvmasker.

- Keramikkrommet trenger hyllesystem som fungerer betre til oppbevaring av elevarbeid.

- Hovudrommet trenger drill, japansag, bor, bits og skrallesett. Treflisene på golvet har begynt å løsne og trenger behandling før det blir øydelagt – eks. epoxy.

- Naturfagrommet må ha eigna oppbevaring av gassflasker.

- Kjøkkenet trenger diverse utstyr: bakeboller med lokk, paiformer, litermål i plast og gjerne ein kjøkkenmaskin.

- Det vesle kjøkkenet som er til utlån, har ikkje avsug og kan ikkje brukast til matlaging som gir frå seg os, som td vaflar og mat på steikepanne. Det kan altså lånast ut, men ikkje brukast til matlaging.

Innstilling til vedtak:

Utdanningsforbundet i Bokn skal arbeida for at det vert sett av pengar slik at spesialromma på skulen vert ferdigstilt.

6.2 Auka grunnbemanning 09.00-15.00 i Bokn barnehage:

Fremma av klubben i Bokn barnehage

Dei fleste foreldre i Bokn barnehage benytter seg av barnehagens tilbod 7-8 timer pr dag. Barnehagen skal kunne tilby eit godt pedagogisk opplegg gjennom heile dagen, ikkje berre i kjernetida, slik dagens bemanningsmodell fungerer. Ei auka grunnbemanning i tidsrommet

09.00-15.00 vil skapa ein meir forutsigbar arbeidssituasjon for dei tilsette, samt eit tryggare og betre pedagogisk opplegg for barna i Bokn Barnehage. Det er lovfesta at barnehagen skal vera ein lærande organisasjon, noko som forutsett at dei tilsette har tid og rom for å oppfylla krava det medfører. Auka grunnbemanning i tidsrommet 09.00-15.00 vil bidra til å betra kvaliteten i barnehagen, skapa eit betre arbeidsmiljø slik at barnehagen kan væra ein attraktiv arbeidsplass, samt ha ein positiv effekt på sjukefråveret som har vore høgt dei siste åra.

Innstilling til vedtak:

Utdanningsforbundet Bokn ønsker at ein frå lokalt hold arbeider for å auke grunnbemanninga i eit større tidsrom av barnehagekvardagen. Me ønsker å rekruttera og behalda barnehagelærarane våre, og med auka grunnbemanning i eit større tidsrom av arbeidsdagen, har me stor grunn til å tru at sjukefråveret blir lågare og at dei tilsette i barnehagen klarer å stå lenger i arbeidslivet.

6.3 Fysiske læremiddel i skulen

Fremma av Merete Alvestad på vegne av klubben på Bokn skule

Etter fagfornyinga vart det i liten grad kjøpt inn lærebøker til elevane. Fokuset var på digitale ressursar, og mellom desse har fagrom vore det mest vanlege. Dette var i tråd med at alle elevane hadde ei digital eining, og med retninga elles i den norske skulen. 4 år etter innføringa av Kunnskapsløftet 2020, har me gjort oss gode og dårlege erfaringar med digital undervisning, og me ønsker no å kunne kombinera digitale og analoge læreverk.

Digitale fagrom med interaktive oppgåver gir elevane fleire lærings- og uttrykksmåter, lar dei lettare setja saman multimodale tekstar og krydrer lærestoffet med ulike typar visualisering. Dessverre ser me også at dei gir elevane mange vegar til å ikkje læra, berre gjera. Elevane kan klippa, lima og oppsøka AI for å generera svar. Der me trudde at det å få umiddelbare tilbakemeldingar ville gje aukt læring, vel mange elevar å ikkje gjera noko med tilbakemeldingane. Barn me tenkte var teknologiske superbrukarar, klarar ikkje å finna fram i, halda orden på og finna tilbake til lærestoff, sjølv etter mykje trening. Viktigast av alt: me ser at dei mistar fokuset, sporar av og finn meir fram til heilt andre ting på den digitale eininga enn det var meininga dei skulle halde på med. Argumentasjonen om at dei

digitale læreverka ville oppdatera seg i takt med samfunnsutviklinga, held ikkje stikk, dei vert ikkje fornya slik me vart forspegla. Forsking viser at elevane også treng bøker i papirform for å bli gode lesarar[1]. Mange læringsinstitusjonar og tidsskrift for pedagogar har kasta seg inn i debatten om dei fysiske bøkene. Påverknaden på kommunane frå foreldre og dei tilsette er stor, og fleire kommunar vel å auka innkjøpa av fysiske læreverk[2].

Regjeringa er også uroleg for den auka skjermbruken. Dei erklærte hausten 2023 at dei ville setja i gong forsking på området og gjekk ut med ekstra støtte til å kjøpa inn trykte lærebøker[3]. Dessverre var det for Bokn sitt vedkommande så vidt nok til eit par klassesett av ei bok. Læremiddelbudjettet i Bokn har vore det same i mange år, medan prisen på læremiddel har stige substansielt. Me ønsker oss eit større læremiddelbudsjett og pedagogisk forankra val av læremiddel.

Forslag til vedtak:

Utdanningsforbundet i Bokn skal jobba for at læremiddelbudsjettet til skulen vert heva og at skuleleiinga saman med undervisningspersonalet får avgjera kva læremiddel me skal bruka i skulen vår.

Fotnoter

1: https://www.forskning.no/barn-og-ungdom-boker-partner/hva-er-best--lesing-pa-skjerm-eller-papir/1749687

2: https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/1O4w4G/alle-skoler-i-stavanger-skal-faa-nye-skoleboeker

3: https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/na-far-alle-kommuner-ekstra-penger-til-trykte-skoleboker/id2990671/